

Nyetablering i Leirvik

Mendelia vil nyansere genetikdebatten

Moglegheitene innan bioteknologien har blitt mange, men kunnskapen i samfunnet heng etter. Det ønsker Anette Bøe Wolff og Bergithe Eikeland Oftedal i nyetablerte Mendelia å gjere noko med.

Ytre Sogn **May Britt Eide**
may.britt.eide@ytresogn.no

Fakta om Mendelia AS

- Etablert i september 2016 av forskarane Anette Bøe Wolff og Bergithe Eikeland Oftedal.
- Arbeidar med rådgjeving og formidling av kunnskap knytt til genetik.
- Har adresse Leirvik i Hyllestad, men har sitt utspring fra miljøet rundt Det medisinsk-odontologiske fakultet ved Universitetet i Bergen (UiB).
- Bøe Wolff er frå Leirvik i Hyllestad, medan Eikeland Oftedal er frå Bergen.

Mange vel i dag å genteste seg via løysingar bestilt på nettet, og pressa skriv om alt frå nellikar med nye fargar til sjølvlysande fisk som resultat av genmodifisering. Teknologien har hatt enorme framsteg dei siste tiåra, og blir av nokre sett på som moglegheitenes land innan felt som sjukdomsbekjemping og matproduksjon. Andre fryktar konsekvensene, og peikar blant anna på sorteringssamfunnet.

– Vi starta Mendelia fordi vi ønsker å bidra i den generelle bioteknologidebatten, og hjelpe både enkeltpersonar og grupper som er interesserte i temaet med kvalitets-sikra informasjon. Vi er ikkje helsepersonell, og har ikkje lov til å tolke konkrete DNA-data, men vi har eit stort engasjement og mykje kunnskap om genetik på eit generelt nivå som vi ønsker å dele, seier Anette Bøe Wolff frå Leirvik i



Anette Bøe Wolff (t.v) og Bergithe Eikeland Oftedal i Mendelia ønsker å setje genetik på dagsorden, og få nyansane inn i diskusjon. – Genetikken er for kompleks og viktig til at vi kan basere samfunnsdebatten på skremselspropaganda og påstandar om mirakelkurar, meiner dei.

Hyllestad, som driv Mendelia saman med Bergithe Eikeland Oftedal frå Bergen.

Ho bur i Leirvik. Samstundes er både ho og Eikeland Oftedal tilknytt same forskargruppe ved Universitetet i Bergen (UiB).

– Vi har andre jobbar utanom, som gjer at vi held oss oppdatert på det som skjer innanfor genetikken. Samstundes vil vi satse på Mendelia, og ser også føre oss at det kan vekse, på grunn av behovet som er for meir informasjon om dette viktige temaet, seier ho til Ytre Sogn.

Etikken sentral

Bøe Wolff peikar på at bioteknologi er eit krevande felt. Ho trur at enkel tilgang gjer til at man-

ge nyttar seg av genetiske kartleggingstilbod, utan å tenke gjennom konsekvensene.

– Når du tek ein gentest gjeld den ikkje berre for deg, men også familien din. Det er det ikkje alle som tenkjer over. Det finst dei som i utgangspunktet levde gode liv som får problem etter at dei til dømes oppdagar ein disposisjon for alzheimer, brystkreft eller andre sjukdomar, eller feiltolkar resultat frå gentestar bestilt over nettet. Vi må ikkje skape eit samfunn der vi testar oss sjølve sjuke, seier Bøe Wolff.

Ho og Eikeland Oftedal ser behovet for eit supplement til det offentlige helsevesenet, og vil altså skape eit lågterskeltilbod for dei

som søker informasjon om genetik.

– Mange går også til nettet der det florerer med informasjon av ymse kvalitet på jakt etter svar. Vi kan hjelpe til med å filtrere ut kva som er rett, og kva som er rykter og påstandar.

Kunnskap før forbod

Kristin Halvorsen som leiar Bioteknologirådet slo i mars alarm og meiner det ikkje er tid til å vente på ei ny bioteknologilov. Marknaden for genetiske sjølvtestar som blir analysert av laboratorium i utlandet har eksplodert, og må ifølgje Halvorsen regulerast så raskt som mogleg. Utviklinga går raskt, og lovverket er utdatert.

Det meiner også Anette Bøe Wolff i Mendelia, men ho har ein litt annan innfallsvinkel til problemstillinga.

– Genteknologien har nokre fantastiske moglegheiter som kan hjelpe mange, men ikkje alle. Og den må brukes rett, for det finst også farer her. Om det hadde vore meir informasjon tilgjengeleg og større fokus på genetik i samfunnsdebatten kunne vi teke slike diskusjonar for vi hamnar i situasjonar som krev handling, og som ofte fører til forbod eller regulering. Genteknologien er ikkje noko vi bør frykte, men eit fantastisk verktøy som bør brukast konstruktivt, seier ho til Ytre Sogn.

Prisdryss over Kongevegen

Kongevegen over Filefjell fekk Grand Prix-prisen frå fagjuryen og andreplass i publikumsprisen under European Heritage Awards Ceremony i Finland 15. mai.

Det har tidlegare vore kjent at Kongevegen har fått EU sin kulturminnepris/Europa Nostra-prisen i kategorien bevaring. Men under prisutdelinga i Turku i Finland vart det klart at den nyrestaurerte ferdsløra over Filefjell også stakk av med den endå meir prestisjetunge Grand Prix-prisen, som det følgjer

10 000 Euro med. At den nyrestaurerte ferdsløra mellom Aust- og Vestlandet også vart stemt fram til andreplass i publikumskonkurransen, er ei stor anerkjening.

– Det er kort og godt fantastisk at Kongevegen når opp i denne harde konkurransen. Vi er både audmjuke og stolte over utmerkingane, seier fylkesordførar Jenny Følling, som deltok på prisutdelinga.

I toppsjiktet

– Å vinne EU sin kulturminnepris er i seg sjølv ei stor bragd. Når vegen i tillegg får Grand Prix-ri-

sen og kjem på andreplass i publikumsprisen, viser det at Kongevegen representerer kulturarv som begeistrar langt utover Norges grenser og konkurrerer i toppsjiktet blant europeiske kulturminne. Det er også ei stor anerkjening av arbeidet som er lagt ned for å ta vare på og vise fram denne vegen, seier Følling.

Bjørne Grimmsrud i Statens vegvesen tok imot prisane på vegne av Vegdirektøren. Seremonien fann stad i St. Michaels-katedralen i Turku i Finland, og presidenten i Europa Nostra, Placido Domingo, stod for overrekkinga.



F.v. ordførar i Vang, Vidar Eltun, fylkesordførar i Oppland, Even Aleksander Hagen, fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Jenny Følling, direktør i Statens vegvesen, Bjørne Grimmsrud og ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim.